

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 27. august 2013.

Tilstades: Regionordførar Torstein Tveito, Solveig Sundbø Abrahamsen, Halvor Homme, Arne Vinje, Siv Berve, Hilde Alice Vågslid, Hans Bakke, Per Dehli, Sverre Sæter, Hans Kristian Lehmann, Ketil Kiland, Brit Houge, Kristin Person, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 33/2013 Referat frå rådsmøte 21. mai 2013

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til referat frå rådsmøtet 21. mai 2013.

Sak 34/2013 Regional plan for samordna areal og transport - invitasjon til verkstad

Det låg føre invitasjon til ei 2-dagars samling i høve arbeidet med *Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2014 - 2025*.

Samlinga for vår region går føre seg 2. - 3. september og vil innehalde ein kombinasjon av foredrag og dialog/gruppearbeid.

Regionrådsleiar orienterte nærare om prosessen rundt planarbeidet og Rådets deltaking i arbeidet. Til samlinga vil det også ligge føre eit dokumentasjonsarbeid i samband med vegstrekingane som inngår i begrepet " Telemarksvingen".

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 35/2013 Ny organisering av etablerertenen i Telemark

Geir Morten Johansen frå Telemark fylkeskommune var tilstades og orienterte innleiingsvis om ny organisering av etablerertenen i Telemark. Prosessen er sett igang på bakgrunn av at noverande ordning ikkje er i tråd med EØS sitt regelverk. Det er frå Telemark fylkeskommune presentert to modellar:

1. Eit fylkesdekkande IKS der kommunane og TFK er eigarar.
2. Regionale selskap (IKS) der TFK inngår som deleigar i kvart enkelt selskap.

Det låg også føre tilrådingar frå Arbeidsutvalet og frå dei næringsansvarlege i kommunane.

Geir Morten Johansen streka under at fylkeskommunen ynskjer å vidareføre tenesten lokalisert i kvar enkelt region som idag. Fylkeskommunal eigarskap er viktig for å oppfylle krava i EØS-reglementet, og eit alternativt forslag om å legge tenesten til Vest-Telemarkrådet vil innebære at TFK må inn på eigarsida i Rådet.

Tilrådingane frå dei ulike regionane vil tilleggast stor vekt i samband med den vidare prosessen, og Fylkeskommunen vil derfor invitere til felles møte med dei 4 regionane.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og legg opp til å realitetshandsaming på eit seinare møte.

Sak 36/2013 Postombering i utkantstrok

Saken har vore oppe i Vest-Telemarkrådet ved fleire høve. Situasjonen i dag er at 8 oppsittarar i Flåbygd, med Harald Omnes i spissen, har vunne fram i Oslo Tingrett.

Både Staten og Posten Norge AS har anka saken, og Vest-Telemarkrådet har stilt garanti for inntil kr. 200 000,- ved eit mogleg tap i lagmannsretten. I ettertid har Midt-Telemarkrådet oppmoda sine kommunar om økonomisk støtte, og Nome kommune har garantert for kr 50 000,-. Til rådsmøtet låg det føre 2 utkast til brev der ein vender seg til andre kommunar/ regionråd med tanke på medgaranti i saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ynskjer å nytte sitt eige brev i saken, og vil i ordlyden bruke ordet støtte framfor garanti. Sidan ankesaken ikkje vil kome opp før i september 2014 er det tid til å gjennomføre ein prosess der vi kontaktar dei ulike regionråda uformelt i fyrste omgang og med den skriftlege oppmodinga tilsendt i ettertid.

Det er ynskjeleg at både Fjellregionen og KS vert kontakta som moglege medhjelparar i saken.

Sak 37/2013 Orienteringssaker.

Orientering om høyringskonferansen 22. august gjeldande ny regional folkehelsestrategi.

Torstein Tveito orienterte frå høyringskonferansen 22. august.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Svar frå Samferdselsdepartementet gjeldande nye rutetider på Sørlandsbanen.

Kjell Gunnar Heggnes orienterte frå brev datert 6. juni 2013 der departementet ikkje finn å kunne innfri ynskjet om 2-timarsfrekvens på Sørlandsbanen. Avslaget er grunngjeve ut frå ulike krav til togmateriell og vanskar med å kombinere tilbod om sovevogner og ordinære vogner, samt konflikt med øvrig trafikk.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

"Vandring for forandring" - mogleg pilegrimsvandring Ulevå - Svandalsflona 7. september.

Det låg føre invitasjon om å delta i ei 2-dagars pilegrimsvandring frå Ulevå til Røldal 6. - 8. september. Arrangør er RVTS Sør, "Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging".

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ser dette som eit verdifullt arrangement og oppmodar den enkelte til å delta i vandrainga.

Garanti i samband med bompengeprojekt på E134/Rv36.

Det låg føre ei uformell henvending frå Telemark fylkeskommune med spørsmål om kommunanes tilslutning til at fylkeskommunen tek på seg heile garantiansvaret i samband med dei komande bompengeprojekta på E134/Rv36.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til at Telemark fylkeskommune tek på seg heile garantiansvaret i samband med komande bompengeprojekt på E134/Rv36.

Invitasjon frå Bø vg skule avd Seljord.

Det låg føre invitasjon frå vg skule i Seljord om å legge eit komande rådsmøte dit.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet takkar for hyggeleg invitasjon og vil gjerne legge sitt neste møte 15. oktober til Seljord.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes